



123 Rør AS
Sælenveien 12
5151 STRAUMSGREND

Referanser:
Dykkar: Ref.:A483TM-
Skjemanr.:3934
Vår: 20/15638 - 20/60220

Saksbehandlar:
Bente Førland
bente.forland@alver.kommune.no

Dato:
24.09.2020

Godkjend rørleggjarmelding GBNR 134/471 Hilland - midlertidig brakkerigg

Vi viser til rørleggjarmelding motteke 15.09.2020 med vedlagt situasjonsplan (VA-kart)

Adresse byggeplass: 134/471
Type bygg: Midlertidig brakkerigg til Alversund utvikling sitt byggeprosjekt
Type arbeid: Tilknytning til offentlig vatn og avløp for brakkerigg

Rørleggjarmeldinga vert godkjend på følgjande vilkår:

Arbeidet skal utførast etter standard abonnementsvilkår for vatn og avløp.

Stikkleidningar skal opparbeidast i samsvar med søknad om sanitærabonnement.

Større endringar skal varslast underteikna. Ved behov for trykkauke/reduksjon visar vi til pkt. 2.1.3 i tekniske bestemmelser.

Tilbakeslagsikring:

Alle næringsbygg skal ha tilbakeslagssikring i h.h.t. NS.EN. 1717. Dette skal dokumenterast i ferdigmeldinga.

Vassmålar:

Alle nye næringsabonnentar skal ha montert vassmålar og betale etter faktisk forbruk. Vassmålar får ein ved å venda seg til VA-avdelinga på driftsstasjonen på Stølen 7. Registeringskjema for vassmålar skal sendast inn saman med ferdigmeldinga. Vassmålar skal lesast av årleg av abonnenten. Ved midlertidig brakkerigg må vassmålar demonterast og leverast tilbake til driftsstasjonen Alver kommune når brakkeriggen vert fjerna/avslutta.

Ferdigmelding:

Når arbeidet er utført, skal det sendast inn ferdigmelding til kommunen med oppdatert situasjonsplan med innmålingsdata som bygd/sosifil. Situasjonsplanen skal visa rørføring frå bygg til tilkopling offentlig leidning. Det vil ikkje bli skrive ut ferdigattest for bygget/anlegget før ferdigmelding er godkjend.

Tilknytingsgebyr:

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug post@alver.kommune.no Kontonummer: 13207 29 30559
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 www.alver.kommune.no Organisasjonsnummer: 920 290 922
00

Det vert ikkje fakturert tilknytingsgebyr for midlertidig brakkerigg.

Med helsing

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn-
avløp-forvaltning

Arne Helgesen
Avdelingsleiar

Bente Førland
Konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

123 Rør AS
Alversund Utvikling AS

Sælenveien 12 5151
Eidsvågbakken 1 5105

STRAUMSGREND
EIDSVÅG I ÅSANE